

Dobbelt så mykje nedbør i Matre som her**03.03.2011**

I dei to første månadene i år kom det dobbelt så mykje nedbør i Matre som i Uskedalen - 712 og 341 millimeter.
Nedbørsmengda i Sandvikjo i Omvikdalen var til samanlikning 398 millimeter og i Rosendal kom det 323 millimeter.
På Husnes kom det også relativt mykje nedbør - 542 millimeter i januar og februar..

Det er Kurt Haugland på Korsnes som målar nedbøren her i bygda og han kan melde at høgaste temperatur var 14,9 grader og lågaste 6,4 grader - notert 20. og 22. februar.

Med denne maksimaltemperaturen toppa Uskedalen lista medan den lågaste temperaturen vart målt på Husnes med 9,6 grader den 22. februar..

Målingane av nedbøren i februar samsvara godt med den ved dei to målestasjonane som samanliknar med normalen - det er Rosendal og Sørals..

Omtrent halvparten av dagane i februar var heilt nedbørsfrie, melder Grenda i verrapporten sin.